



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2450 - 22/157

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
03.01.2022

Oversender vedtak om etablering av tilbygg med multirom og toalettrom til bustad 2 til klagevurdering - gbnr 195/235 Leiknes

Saksopplysningar

Eigedom: gbnr 195/235
Adresse: Fløssvikvegen 62, 5915 Hjelmås
Heimelshavar: Fløssvika utvikling AS
Aktuell eigar: Roger Leiknes (ikkje tinglyst matrikkeleining)
Ansvarleg søkjar: Hedalm Anebyhus AS
Klagar: Hedalm Anebyhus AS

Saka gjeld

Saka gjeld klage på del av delegert vedtak i sak 21/2450 med saknr. 21/31693, datert 10.05.2021, om avslag på søknad om etablering av tilbygg med multirom og toalettrom for bustad nr. 2. Det er i same vedtak gjeve løyve til endring av godkjent terrasse. Løyve til godkjent terrasse er ikkje påklaga og er gyldig.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 08.12.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 10.05.2021 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 182/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/2450 med saks nr 21/31693, datert 10.05.21 vert gjort om.

Me heimel i forvaltningslova §33 Jf. Ppl §29-4, tredje ledd, bokstav a, vert det gjeve løyve til etablering av tilbygg med multirom og toalettrom for bustad nr.2.

Grunngjeving: Apm-utvalet er positiv til omsøkt tiltak, då det ikkje kjem i konflikt med parkering på eigedomen, parkering er uendra tilsvarande det som er godkjendt for området, 2 parkeringsplassar.

Nabo har gitt skriftleg avstandserklæring ihht pbl §29-4 annet ledd

Ny situasjonsplan datert 30.09.21 i henhold til Alver Kommune sitt frådelingsvedtak av 08.03.19 og oversendt ny grenselinje vert lagt til grunn.

Apm-utvalet ser ikkje at det er tungtveiande grunnar for å avslå søknaden, då løysinga tilfredstillar planen og bryt ikkje noko bestemmelser. Klagar får medhold i klagen."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av tilbygg med multirom og toalettrom til bustad 2 - gbnr 195/235 Leiknes
Løyve til endring av godkjend terrasse - gbnr 195/235 Leiknes
Situasjonsplan
Utviding av terrasse bustad 2
Søknad om endring av gitt tillatelse - gbnr 195/235 Leiknes
Teikning fasade 1 og 2 Fløssvika
Teikning fasade 3 og 4 Fløssvika
Teikning fasade 3 og 4 Fløssvika
Teikning
Revidert utenomhusplan
Revidert utenomhusplan
Skisse multirom
Følgelbrev Fløssvika
Avstandserklæring
E-post - Søknad om endring av gitt tillatelse
Om endring av godkjend bustad (2) - gbnr 195/235 Leiknes
Om endring av godkjend bustad (2) - gbnr 195/235 Leiknes

Vedlegg:

Mellombels bruksløyve bustad 2 - gbnr 195/235 Leiknes
Om klage og behov for oppdatert dokumentasjon - gbnr 195235 Leiknes
195-235-Situasjonsplan
Klage på vedtak til endring av godkjent terrasse - gbnr 195/235 Leiknes
Oppdatert dokumentasjon - gbnr 195/235 Leiknes
Følggebrev oppdatert dokumentasjon
Signert avstandserklæring
Fløsvika - justert tegning iht ny grunneiendom

Kopi til:

Fløsvika Utvikling AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Hedalm Anebyhus AS		2344	ILSENG
Hedalm Anebyhus AS		2344	ILSENG
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------